



## Kjære dugnadsfolk i Vikedal!

Du sit nå med ei fersk bingoliste i handa, og me, styret i Vikedal Bygdahus, vil nyte høvet til å takke for innsatsen som de kjem til yte. Me vil understreke at denne innsatsen utgjer ein stor del av ryggraden i bygdahuset sin økonomi. Søndagsbingoen på bygdahuset har vore tradisjon i over fleire tiår, og utan denne forhaldsvis sikre inntektskilda, ville nok den økonomiske situasjonen til bygdahuset vore heilt annleis.

Vikedalsbuen bygde opp eit flunkande nytt bygdahus for berre ti år sidan, og har betalt ned lånet på same antall år. Dette er noko me kan, og skal, vera stolte av. Og det er eine og aleine den fantastiske viljen til å dra lasset saman i form av dugnad som har gjort dette mogleg. Når me nå står ovanfor vår neste store utfordring her i bygda vår, nemleg å realisera ein idrettshall, som skal komme oss og våre etterkommerar til gode, er det med den same glødande innsatsviljen me skal betale. Tenk ti år fram i tid, kan hende me står med nok eit nedbetalt anlegg!

Me er alle klar over at bygda vår er i særstilling når det gjeld dugnadsinnsatsen til bygdefolket, og me som sit i bygdahus-styret er flittige brukarar av denne. Me er også audmjuk, og som sagt evig takknemlige for at det er slik positiv innstilling blant så mange av oss Vikedalsbuar. Når ein ser på kva me får att frå denne innsatsen i form av ei levande bygd med kulturarrangement og arenaer i fleng, så håpar me i styret at folk flest også tykkjer dette er verd å jobbe for!

Til slutt vil me få takke dei som sit i bingostyret for den viktige jobben dei gjer med å sette saman denne lista for det neste året. Me oppmodar alle som har fått ho i posten til å sjå på dette som ein fin måte å yte ein innsats for vårt flotte lokalsamfunn!

## God bingovakt folkens!

Mvh

Styret i Vikedal Bygdahus

[www.vikedal-bygdahus.no](http://www.vikedal-bygdahus.no)

